

Stor Dønhaug-natt med Vestlandsfanden

28.08.2011



Vestlandsfanden spelar med ein unik glød

Som venta vart det eit heidundrande punktum for låvedans-sesongen då Vestlandsfanden vitja Dønhaug sist kveld og natt. Stemningen i den fullpakka låven var utruleg høg og Vestlandets beste band demonstrerte nok ein gong sin utrulege evne til publikumskontakt.

Vestlandsfandens

5 musikkarar har ein løpende dialog med dei som dansar og resultatet blir ei stor oppleving.



Ivar Woxmyhr i aksjon

Eigentleg er det utruleg at desse karane har halde det gåande på landevegen i 31 år og framleis held på formen.



Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland dansar både på heime- og bortebane

Her er det verkeleg
snakk om stayar-evne! Uansett om dei spelar på ein låve eller
i ein firmafest held dei oppe den same gløden
Med ein unik blanding
av folkemusikk og rock lager bandet ein velklingande musikalsk mix.
Folkemusikken er ikkje berre norsk, den har også element henta frå
landet vest for oss. Og alt blir servert med ein slik presisjon og 'trøkk'
at det saknar sidestykkje. Mellom alle dansane landet rundt har Fanden
fått tid til å gje ut 14 album!

Karane har ein utruleg evne til å spa fram stadig nye hitlåtar sjølv om det

framleis er dei om plommane i Hardanger og livets glade gutar som slår best og gjorde det også på Dønhaug. Det var dei som festlyden nynna på heimveg også denne gongen.

Vestlandsfanden kjende seg tydeleg heime i Dønhauglåven, men så har da også ein av musikarane hatt ei fortid i Uskedalen - til og med i Beinavikjo.

Vi siktat til felespelar Ivar Woxmyhr som for 25 år siden takka for seg som førstefiolinist i Stavanger Symfoniorkester for å bli med i bandet og vart der.

Frontmannen Reidar Brendeland runda 60 i juni men det kan ein ikkje merka på han. Han driv musikken fram med utruleg kraft.
Gitarist Andreas Berg og trommis Arne Dulsrød er nyare i bandet og det er også Arne Martinussen på tangentar.

Vestlandsfanden kjem nok attende til Dønhaug - hvis Magne vil!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen